

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/4388-1

Utpeiking av ny kandidat til styret for Opplæringsfartøy AS

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

Hovudutvalet for opplæring peikar ut følgjande nye kandidat til styret i Opplæringsfartøy AS for perioden 2016-2019:

.....

Andre dokument som ikkje ligg ved:

HO-sak 29/15 Val av nye medlemmer til styret for Opplæringsfartøy AS – saksutgreiing og møtebok

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Hovudutvalet for opplæring handsama i november 2015 sak 29/15 Val av nye medlemmer til styret for Opplæringsfartøy AS.

Valperioden for styret er to år etter aksjelova § 6-6. Praxis i fylkeskommunen ved utpeiking av kandidatar til ulike styre, har likevel vore slik at valperioden for kandidatar som vert utpeika av fylkeskommunale politiske organ er samanfallande med den fylkeskommunale valperioden (fire år). Det låg difor til grunn for HO-sak 29/15 at hovudutvalet måtte peike ut to kandidatar for perioden 2016-2019, som grunnlag for valet av styre på den ordinære generalforsamlinga i Opplæringsfartøy AS i 2016.

Hovudutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

Hovudutvalet for opplæring peikar ut følgjande to kandidatar til styret i Opplæringsfartøy AS for perioden 2016-2019:

- 1 Frode Kupen
- 2 Kari Morvik

Opplæringsfartøy AS er no inne i ein fase der eventuelt nytt opplæringsfartøy er tema. Frode Kupen har vore styreleiar for selskapet frå 2014. Kupen arbeider i det daglege i selskapet Seacon, som arbeider med maritim prosjektering, og er nært knytt til fleire aktuelle leverandørar til nye fartøy. I ein situasjon der det kan bli aktuelt for Seacon, eller andre samarbeidande leverandørar, å

prosjektere eit evt. nytt fartøy for Opplæringsfartøy AS har Kupaen meldt inn at han finn det vanskeleg å halde fram som styreleiar.

Opplæringsfartøy AS skal halde generalforsamling i juni 2016.

2. Vurdering

Fylkesdirektøren si vurdering er at Frode Kupaen må kunne få høve til å trekkje seg som kandidat til styret for Opplæringsfartøy AS. Dette inneber at hovudutvalet for opplæring må peike ut ein ny kandidat til styret i Opplæringsfartøy AS for perioden 2016-2019, som erstatning for Frode Kupaen.

Fylkesdirektøren syner til Eigarmelding 2015, punkt 2.5, om utpeiking av styrerepresentantar. Kravet om kjønnsbalanse inneber at i styre med tre medlemmer skal begge kjønn vere representert. Kandidatane til styret, peika ut av hovudutvalet, bør difor vere ein av kvart kjønn. Hovudutvalet bør difor no peike ut ein mannleg kandidat som erstatning for Frode Kupaen.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å peike ut ein ny kandidat til styret i Opplæringsfartøy AS for perioden 2016-2019, som erstatning for Frode Kupaen. Vedkomande vert formelt vald på generalforsamlinga i juni.